

Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|--------|---------------|------|------------|
| 041/23 | Formannskapet | PS | 02.05.2023 |

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------------|--------|------------|
| Asbjørn Nagell Toft | FE-131 | 21/72 |

2. gongs offentleg ettersyn - Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland - Uttale frå Austrheim kommune

Vedlegg:

2. gongs høyring og offentleg ettersyn - «Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland»

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune tek andre gongs planforslag til **Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland, planid 2021003** til orientering og har elles følgjande uttale:

Nordhordland er det einaste UNESCO Biosfæreområde i Noreg, det forpliktar oss til å ha ein berekraftig og klok bruk av sjøarealet våre.

Formannskapet - 041/23 - 02.05.2023

FS - behandling:

Avdelingsleiar plan Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa seg skuffa over at det ikkje er teke inn areal til nye marine artar, og sakna at det er teke inn tekniske krav til nye anlegg. Om verdas folketal skal stiga til 10 milliardar i løpet av dei neste ti åra, så trengst det auka matproduksjon. Då må ein satsa på matproduksjon i havet, alt frå tang og tare til sjøpølse, anten det er medisinsk bruk eller til matproduksjon eller andre varer.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om kvifor det ikkje har komme fleire innspele. Per Lerøy (Ap) svara at ein kan snakka med Bent Gunnar Næss hjå regionrådet for å sjå kva ein kan komma med av endringar no i andre gongs høyring. Lerøy viste til at det finnест typar teknologi, som Egget som er eit lukka anlegg. Kan ikkje krevja konkret teknologi, men kan seia at det skal vera utsleppsfritt. der ein kan stilla krav om

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS vedtak:

Austrheim kommune tek andre gongs planforslag til **Interkommunal plan for sjøareal i Region**

Nordhordland, planid 2021003 til orientering og har elles følgjande uttale:

Nordhordland er det einaste UNESCO Biosfæreområde i Noreg, det forpliktar oss til å ha ein berekraftig og klok bruk av sjøareala våre.

Saksopplysninger:

Den **Interkommunale planen for sjøareal i Region Nordhordland** er no sendt ut på andre gongs offentleg ettersyn. Det kom skriv frå Region Nordhordland IKS den 29. mars 2023 om det. Asplan Viak AS har vore engasjert av Region Nordhordland IKS i arbeidet med planen. Austrheim kommune er invitert til å koma med merknadar til planutkastet, jf. PBL § 5-2.

Det Interkommunale planutvalet gjorde følgjande vedtak (vedlagt) i møte 16.03.2023 i sak 12/23:

«I medhald av plan og bygningslova § 5- 2 legg det Interkommunale Planutvalet den interkommunale planen for sjøareal for Region Nordhordland med plankart, planskildring og føresegner på 2. gongs høyring og offentleg ettersyn med dei endringane som vart bestemt i møte.»

Det interkommunale planutvalet (IKPU) har fått mynde til å sende planen ut på høyring og offentleg ettersyn. Planen bygger på rammene i planprogrammet som vart vedteke av IKPU 21.06. 2021 og den planen som var på 1. gongs høyring. Det var 67 stk som sendte inn merknadar til 1. gongs høyring (1GH). Desse er oversiktleg presentert i dette dokumentet, sjå forside under:

Merknadar til

1. gongs høyring - Gjennomgang

Vedlegg til 2. gongs høyring

Det var totalt 27 motsegn til det første planforslaget. Planforslaget til andre gongs høyring er justert ein del etter den første merknadsrunden. Planskildringa kap 8.4 viser kva som er med i planforslaget og kva som er endra. Endringane som er gjort i planforslaget til 2. gongs høyring er omtalt grundig i **Planskildring – høyring og offentleg ettersyn 2. gongs høyring 29.03.2023**. Informasjon, oversikt og tilgang til planforslaget finn ein på heimesida både til Austrheim kommune og Region Nordhordland og følgjande link:

<https://regionnordhordland.no/artikkel/2-gongs-hoeyring-og-offentleg-ettersyn---plan-for-sjoeareal>

Plandokumenta er omfattande og dei er lista opp slik:

1.Høyringsbrev

2.Planskildringa, sjå link:

<https://aimblob.blob.core.windows.net/aimfiles/173f1bd4-7097-4877-aa2e-5d125cf12468.pdf>

**3. Konsekvensutgreiing og vurdering av risiko og sårbarheit i vedlegget «KU og ROS vedlegg».
(Innspela er sortert etter kommune nr og innspel nr. Dei som er med i framlegget til planen er først i dokumentet.)**

4. KU og ROS

5. Plankart (det er eit plankart for kvar kommune og eit samla for heile planområdet). Sjå link:

<https://aimblob.blob.core.windows.net/aimfiles/b654f4bf-55ba-48d7-8fd3-764e849bbd11.pdf>


6. Føresegn. Sjå link:

<https://aimblob.blob.core.windows.net/aimfiles/9da873e7-c090-4531-8782-58275c2d3ce1.pdf>

Det er kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal som i fellesskap har utarbeida andre gongs forslag til interkommunal plan for sjøareala i kommunane (planen), jf. plan og bygningslova (tbl.) §§9-1, 9-2 og 9-3. Nordhordland er det einaste UNESCO Biosfæreområde i Noreg, det forpliktar oss til å ha ein berekraftig og klok bruk av sjøareala våre.

Eit hovudføremål med planlegging ettertbl. er å fremma berekraftig utvikling og bidra til samordning av statlege, regionale og kommunale oppgåver. Det skal fastsettast juridisk bindande arealbruk med føresegn, plankart og retningslinjer på kommuneplannivå. Planområdet gjeld berre sjøområda. Det vil sei frå flomålet i elveosar, vassflata, vassøyla ned og sjølve sjøbotn. Avgrensing ut i sjø er 1 nautisk mil utanfor grunnlinja og etter rammene i hamne- og farvannslova.


Den interkommunale planen vert presentert samla, men kvar kommune skal til slutt gjere vedtak om sitt sjøareal som bygger på ein samla regional plan. Planen er utarbeidd etter planprosessreglane, jf.tbl. kap. 11. Alle innbyggjarar, næringsaktørar, friviljuge lag og organisasjonar, offentlege instansar kan sende inn merknad til planforslaget. Høyringsfrist er 14. mai. Plankartendringar etter kommuneplanen sin arealDEL vart godkjent i 2019 er vist oversiktleg på følgjande sider:



Nord for Øksnes og sørvest for Børilden

Endringar i oppdrettslokaliteten i Børildosen, raud farge over viser ny plassering mot aust

Rekefeltet er i bruk når det ikkje er fisk i merdane her, men når det er produksjon her er det vanlegvis ikkje reketråling her, men dette er ein mogleg ressurs for framtida.



Aust for Øksnesmarka (VK_HOSAKV)


Området aust for Øksnensmarka er vore eit kombinert formål VK_HOSAKV. Akvakultur/hamn

Innanfor området kan det etablerast anlegg for akvakultur i sjø. Området ligg i direkte tilknyting til hamneområde (HAMN 2040) mot land ved Øksneset i Austrheim kommune. Det er krav om detaljplan før ein kan gjennomføre tiltak.

Første planframlegg om å legge inn eit nytt akvakulturområde ved Senoksen er teke ut etter den

første høyringa. Her var det motsegn.

To område i Austrheim kan no brukast til råstoffutvinning for uttak for skjelsand:



Råstoffutvinning ved Lyngoksen (mørkeraud farge) nr. RU_01 og Høgholmen nr. RU_02

3.3.1. Råstoffutvinning (SOSI 1200)


a) Uttak av skjelsand (RU)

Uttak av skjelsand kan gjerast innanfor område satt av til råstoffutvinning i sjø. Utnytting av denne ressursen kan gjerast innanfor rammene gjeve i «Lov om undersjøiske naturforekomster». Vestland fylkeskommune har, etter søknad, myndighet til å gje konsesjon med rammer for bruk og utnytting av områda.

Tab. 11. Område for råstoffutvinning – Skjelsand (RU)

| Kommune | | Feltnavn (plankart) | Lokalitetsnamn | Konsesjon (pr.01.01.2023) |
|-----------|------|------------------------|----------------|------------------------------|
| Gulen | 4635 | RU_01 | Kversøy | Gitt |
| Gulen | 4635 | RU_02 | Bustenakken | Gitt |
| Gulen | 4635 | RU_03 | Svartskjerosen | Gitt |
| Gulen | 4635 | RU_04 | Kvernøya | Gitt |
| Alver | 4631 | RU_01 | Bødyna | |
| Austrheim | 4632 | RU_01 | Lyngoksen | |
| Austrheim | 4632 | RU_02 | Høgholmen | |
| Fedje | 4633 | RU_01 | Mågøyosen | |

Slike skjelsandområde er viktige for mellom anna landbruksnæringa, «Havet er åkeren si mor».



Plankartet over heile Austrheim kommune er vist over. Sjå og link.

Innanfor planområdet er det eit stort marint verneområde, Lurefjorden (om lag 69 km²). I tillegg er det 25 mindre verna område med tilknyting til marine miljø, 24 naturreservat for sjøfugl og eit våtmarksområde for sjø- og vadefugl. Det er også mange viktige friluftsområder og fleire statleg sikra friluftsområder i området, og mange nyttar planområdet til friluftsliv og rekreasjon.

Vurdering:


Kommunedirektøren vil peike på at den interkommunale planen skal vera eit verkty for langsiktig forvaltning av sjøareala i kommunane i tråd med prinsippet om berekraftig utvikling. Det skal fastsettast juridisk bindande arealbruk med føresogn og retningsliner. Den interkommunale planen vert no presentert samla, men kvar kommune skal til slutt gjøre vedtak om sitt sjøareal som bygger på ein samla regional plan.

Kommunedirektøren vil peike på at ynskje om å få til vekst i akvakulturnæringa i sjøområda, samstundes som ein skal forvalta villaksen og sjøauren på ein berekraftig måte let seg ikkje kombinera slik produksjonen skjer i dag. I tillegg er det utfordring med miljøgifter og tilførsel av næringsstoff. Det har difor vore viktig å ha klare miljømål i arealplanen. Akvakultur er ei stor næring i Nordhordland og har vidareforedlingsveksemder både på Radøy og på Osterøy. Ein av utfordringane er at både inn- og utvandrande laks og sjøaure, og våre anadrome fiskar som beitar i fjordsystemet vårt er utsatt for å få på seg lakselus. Mykje av lakselusa som er i fjordsystemet vårt har opphav frå oppdrettsanlegga. Det gjer og at det er mykje laks/aure som dør under avlusing i merdane.

Austrheim kommune sin kommuneplanen sin arealdel vart godkjent den 11.04.2019, mange

arealinnspel som elles kunne koma i denne planen vart avklart i kommuneplanprosessen sin arealdel i perioden 2015-2019.

Heile planområdet er vist under. Det omfattar sjøarealet i kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal.



Kommunedirektøren vil peike på at eit hovudformål med planlegging etter plan- og bygningsloven er å fremja berekraftig utvikling og bidra til samordning av statlege, regionale og kommunale oppgåver. FN sine 17 berekraftsmål er og førande for dette arbeidet. Kommunedirektøren synes det er positivt at føresegnene legg til grunn at det ikkje kan gjerast nye tiltak i planområdet som forverrar miljøtilstand, men det kan gjerast tiltak som forbetrar miljøtilstand. Endringar som er gjort i plankart og føresegner for Austrheim kommun er fornuftige og i tråd med god arealbruk i sjø. Det er også viktig å sikra område for skjelsanduttag slik landbruksnæringa kan få den viktige skjelsanden ut på landbruksområda sine med jamne mellomrom.

Kommunedirektøren legg til grunn planframleggset som IKPU har sendt på andre gongs offentleg ettersyn og rår til at formannskapet tek planforslaget til **Interkommunal plan for sjøområda i Region Nordhordland** til orientering.

Konklusjon:

Austrheim kommune tek andre gongs planforslag til **Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland, planid 2021003** til orientering og har elles følgjande uttale:

Nordhordland er det einaste UNESCO Biosfæreområde i Noreg, det forpliktar oss til å ha ein berekraftig og klok bruk av sjøarealet våre.

